

Notat

Dato: 11.10.2018
Arkivsak: 2015/1434-692
Saksbehandlar: thoare

Til:	Fylkesrådmann Tore Eriksen, Sogn og Fjordane fylkeskommune Konst. fylkesrådmann Ingrid Holm Svendsen, Hordaland fylkeskommune
Frå:	Nye Vestland fylkeskommune v/prosjektleder Rune Haugsdal

Eingongskostnader for Nye Vestland fylkeskommune - finansiering av meirbehov

Til dekning av eingongskostnader for etablering av Vestland fylkeskommune, har kvar av fylkeskommunane Sogn og Fjordane og Hordaland fått tildelt 15 mill.kr av Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

Fellesnemnda har på møte, 8.mars 2018, vedteke følgjande budsett for dei tildelte KMD-midlane til eingongskostnader:

	2018	2019	Sum
Nytt fylkesvåpen	150	250	400
Rekruttering prosjektleder/fylkesrådmann	300	0	300
Kurs, samlingar, møteverksemd (politisk)	400	500	900
Kommunikasjonstiltak	250	250	500
Konsulenttenester – særleg IKT-tenester	2500	4000	6500
Løn og sosiale kostnader – prosjektleder	1000	2000	3000
IKT-system	3000	13000	16000
Politiske fellesaktivitetar/ev. partistøtte	650	1750	2400
Sum	8250	21750	30000

Fellesnemnda har vidare lagt til grunn følgjande prinsipp for bruken av midlane:

- Innkjøp i samband med gjennomføring av «fellesmøte» (leige av møtelokale, servering m.m.), løn til prosjektleder, konsulenttenester og investeringar i nye styringssystem vert dekkja innanfor ramma på 30 mill. kr som fellesnemnda disponerer.
- Reise- og diettkostnader vert dekkja innanfor dei ordinære fylkesbudsjetta.
- Godtgjersle til folkevalde i samband med møte i fellesnemnda m.m. vert dekkja innanfor dei ordinære fylkesbudsjetta.
- Frikjøp av tillitsvalde vert dekkja innanfor dei ordinære fylkesbudsjetta.

Samanslåingsprosessen er godt i gang med ulike aktiviteter både på administrativ og politisk side. Dette er ein omfattande prosess som berører i alt om lag 5800 tilsette og som skal legge grunnlaget for nye felles administrative og politiske arbeidsmåtar og organisatoriske strukturar, slik at fylkeskommunen kan utføre si rolle som arbeidsgjevar, myndigheitsorgan, tenesteprodusent og regional samfunnsutviklar. Det er i alt sett i gang over 60 ulike delprosjekt for utgreiing og vurdering av ny felles måte å løyse oppgåver og funksjonar på i Vestland fylkeskommune frå 1.1.2020.

Prosjektleiaren har særskilt stor merksemd på IKT-området for å sikre at felles systemverktøy er på plass fram mot den nye fylkeskommunen trer i kraft.

Det er også eit mål for prosjektleiaren i stor grad å vidareføre nivået på dagens fylkeskommunale aktivitet og sysselsetting i administrasjonsstadene Leikanger, Førde og Bergen.

I tillegg til den interne omorganiserings-prosessen vil også vere nødvendig framover å sette i gang aktivitetar for å byggje oppslutning og identitet til den nye fylkeskommunen blant innbyggjarar, kommunar, næringsliv, frivillige organisasjonar osv.

Kartlagt meirbehov

Prosjektleiaren for Nye Vestland fylkeskommune har gjort ei kartlegging av eingongskostander innanfor ulike områder som må finansierast fram til den nye fylkeskommunen vert innført frå 1.1.2020.

Denne kartlegginga viser at tildelinga frå KMD på 30 mill.kr ikkje er tilstrekkeleg til å dekke kostnadene for gjennomføring av prosjekt Nye Vestland fylkeskommune til og med 2019.

Særleg innanfor IKT-området er det avdekka eit meirbehov for innkjøp og utvikling av felles IKT-infrastruktur og fagsystem på om lag 32 mill.kr. Saman med eit auka behov for innkjøp av prosjektstøtte, felles møter og samlingar, kommunikasjonstiltak, styrka bemanning m.m, er det samla meirbehovet berekna til å vere omlag 40 mill.kr. I tillegg ber prosjektleiaren om å få finansiert opp ei avsetning til uforutsette kostnader på 15 mill.kr.

Finansieringsløyising

Prosjektleiaren føreslår følgjande finansieringsfordeling av det samla estimerte meirbehovet og avsetning til uforutsette kostnader på tilsaman 55 mill.kr, mellom Sogn og Fjordane fylkeskommune og Hordaland fylkeskommune:

Sogn og Fjordane:	22 mill.kr (40%)
Hordaland:	33 mill.kr (60%)

Prosjektleiaren ber om at fylkesrådmannen i Sogn og Fjordane legg dette notatet fram for finansutvalet med sikte på å få Sogn og Fjordane fylkeskommune sin del innarbeidd i forslaget til økonomiplan og budsjett for 2019.

Tilsvarande ber prosjektleiaren om at fylkesrådmannen i Hordaland innarbeider Hordaland fylkeskommune sin del i sitt forslag til økonomiplan og budsjett for 2019.

Prosjektleiaren legg til grunn at løyvde midlar vert overført og stilt til disposisjon for fellesnemnda, som grunnlag for revidert budsjett for eingongskostnadene i samanslåingsprosessen.

